

Noregs Ungdomslag:

# Årsmelding og rekneskap 2013

4.3.2014



Årsmelding 2013

# Føreord frå styret

2013 har vore eit spanande år i Noregs Ungdomslag. Mykje kan tyde på at me er i ei god utvikling. Me har i dag 364 aktive lag. Det er rett og slett imponerende og gjer oss til ein stor og betydeleg organisasjon rundt i heile landet.

Svært mange lag har mykje aktivitet, dei har positiv medlemsutvikling og kraft. Fleire lag har fått utdelt prisar for sitt arbeid. Særleg kjekt var det at fylkeskulturprisen for Møre og Romsdal gjekk til UL Fram Rogne, eit lag på ei øy der heile bygda er engasjert. I grunngevinga står det blant anna at Ungdomslaget Fram er ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Mange får her uvurderleg opplæring i å bruke stemma si, dialekta si, stå på ei scene, meistre utfordringar og samarbeide om eit godt resultat.

UL Fram Rogne har gjort ein ekstraordinær innsats over svært mange år. Det gjer dei til ein verdig prisvinnar. Men også mange andre lag kunne passa inn i grunngevinga til fylkeskommunen. Svært mange av våre lag utgjer ein forskjell i sitt lokalsamfunn. Mange stader er dette det einaste tilbodet nær der folk bur, og mange stader er ungdomshuset det einaste samlingspunktet, til glede for ungdomslaget og andre nærskylde lag og organisasjonar.

Styret har det siste året vorte gjort merksam på ein del byggeverksemd i ungdomshus rundt i landet. Både nybygg, store ombyggingar og påbygg. Det er rett og slett imponerende å sjå pågangsmotet laga har. Budsjetta er store, finansieringa er i beste fall usikker, stønadsordningane er kronglete og lite tilpassa laga sine ynskjer.

Felles for desse prosjekta er ei samla bygd som vil få til noko i lag. Private personar gjev villig vekk i kronerullingar, det lokale næringslivet sponsar med pengar, material, rabattar og fagfolk. I bygdene er relevante handverkaryrker representert og dei tek seg av det faglege. Dette gjer at samla dugnadsinnsats er unik og imponerende.

Styret i Noregs Ungdomslag har som oppgåve å synleggjere desse prosjekta. Politikarane vil ta eigarskap til frivillig arbeid, og dei vert ofte imponert av arbeidet som vert lagd ned.

Likevel opplever styret at handling bak interessa ofte sit langt inne. Det er fleire stønadsordningar som slår skeivt ut for lag som eig hus. Til dømes er det ikkje mogleg for lag som bygger på eller bygger nye hus å søkje momskompensasjon. UL Fram Rogne skal bygge på sitt ungdomshus. Dei lyt betale full moms for det prosjektet, noko som utgjer fleire hundre tusen kroner. Stortingspolitikarar ser desse utfordringane, dei nemner det i partiprogramma sine, men har så langt ikkje gjort noko med det.

Styret vil gjerne takke alle engasjerte ungdomslag og enkeltpersonar for det arbeidet de gjer i bygdene rundt i landet. Og lukke til med arbeidet i 2014

Endre Kleiveland

Kine Reiersen

Morten Nilsen

Olav-Johan Øye

Geir Kåre Sandnes

Ingrid Tuko

Rita S. Strandbakke

Marie Nicolaisen

Stine S. Machiedo

# 1 Arbeid i perioden

Dette første kapitlet av årsmeldinga er ei rapportering på arbeidsprogrammet for 2013-2014, vedteke av landsmøtet i 2012. Sidan arbeidsprogramperioden går over to arbeidsår, er det berre første året av arbeidsprogrammet som blir rapportert på i denne årsmeldinga.

Noregs Ungdomslag skal kjenneteiknast av aktive lokallag som inspirerer, tar vare på og utviklar sine medlemmer fagleg, sosialt og organisatorisk.

*Visjon, fastsett i langtidsplanen 2011-2014, "Styrke kvarandre slik at vi tør"*

## Organisasjonspolitisk arbeid

### Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Noregs Ungdomslag skal vere ein samla organisasjon på tvers av generasjonar. For å vere ein organisasjon med stolte medlemmer, levekraftige lokallag, vitale fylkesledd og eit ressurssterkt sentrallidd, treng ein eit systematisk fokus på organisasjonsbygging:

Tiltak i arbeidsprogrammet 2013-2014	Årsmelding 2013
Medlemstalet skal aukast med 10% innan utgangen av planperioden	Ein har ikkje lukkast med å nå dette målet. Medlemsverving skjer først og fremst av lokallaga, og NU kan i liten grad påverke reell medlemsauke i laga. Styret har likevel vurdert andre kontingentformer og andre rutiner som gjer at laga melder inn alle medlemmene, og landsmøtet vedtok i 2013 ein ny kontingentstruktur som forhåpentlegvis vil medføre fleire registrerte medlemmer frå 2014.
NU skal ha gode system for rapportering og kontakt med lokallaga, slik at alle lokallag oppfyller lagsdefinisjonen i lova til NU	Medlemssystemet Hypersys er eit nettbasert rapporteringssystem mellom lokallaga og sentralliddet, og 2013 er tredje året dette har vore i bruk. Dette gjer at styret no har oversyn over kor mange av laga som ikkje har levert årsrapport i tre påfølgjande år, og dermed skal reknast som nedlagd. Styret har i 2013 førebudd ei større besøksrunde til alle lokallag, og då vil ein ta tak i desse laga, for å få dei til å oppfylle lagsdefinisjonen.
Alle lokallag i Noregs Ungdomslag skal ha eit velfungerande regionlag	Fylkeslaga fungerer på ulikt vis, utifrå kva behov og ressursar som finst i kvar region. Det er likevel mange fylkeslag som har dårleg kontakt med lokallaga, m.a. ser ein at oppslutnaden om fylkeslaga sine årsmøte har blitt gjennomgåande svært låg dei seinare åra. Den planlagde besøksrunden til lokallaga vil bli gjennomført i samarbeid med fylkeslaga, og vil også innehalde besøk av fylkeslagsstyra. På denne måten vil NU få kartlagt betre kva tenester laga har behov for frå fylkeslaga.
Systematisk opplæring av tillitsvalde på alle nivå i organisasjonen.	Dette har ikkje blitt prioritert.
NU skal vere ein viktig kulturpolitisk aktør	NU har vore tilstade i ulike samarbeidsforaer på frivilligheits- og kulturfeltet, og i møter med stortingskomitar i samband med framlegging av statsbudsjettet.
NU skal vidareutvikle lagshusa som sentrale møteplassar i lokalsamfunna	Dette har vore eit prioritert område i 2013, noko som m.a. har medført at ein i samarbeid med Hordaland Ungdomslag har fått midlar til eit regionalt "Huset i bygda"-prosjekt i Hordaland, med formell oppstart 1.1.2014. I tillegg har ein satt i gang ei omfattande kartlegging av ungdomshusa i rørsle, for å legge grunnen for ei endå større satsing på ungdomshus i åra som kjem.

## Barne- og ungdomsarbeid

### Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Barn og unge skal finne eit trygt og inkluderande miljø i Noregs Ungdomslag. Dei yngste medlemmene skal få auka medverknad i organisasjonen både lokalt og sentralt.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2013-2014	Årsmelding 2013
Auke tal medlemmar under 26 år.	Dette har ikkje vore arbeidd med.
Sette fokus på demokrati- og organisasjonsopplæring for barn og unge.	Det blei skipa til «Dei Unges Landsmøte» i framkant av landsmøtet. I tillegg har det vore gjennomført kurs og aktiviteter med tema organisasjon på Sommarleiren.
Fleire unge skal ta på seg verv og andre arbeidsoppgåve i lokal- og fylkeslag.	Barne- og ungdomsrådet har aktivt oppmoda ungdom ved direkte tale på dei arenaene ein har vore til stade
Fylkeslaga skipar til møtestadar for barn og unge regionsvis.	Det har ikkje vorte gjort eit konkret arbeid med dette.
Setje lag som driv ungdomsklubb i kontakt med kvarandre.	Det er satt i gang ei eiga undersøking om ungdomsklubbarbeidet i laga, men det er ikkje ferdigstilt.
Synleggjere alle typar av aktivitetar som skjer i ungdomslaget.	Det er innleidd eit arbeid med å kartlegge dei ”andre” aktivitetane i NU. Særlig ungdomsklubb.
Vidareutvikle sommarleiren til å bli ein viktig møtestad for ungdom.	Sommarleiren på Kongsberg i august vart svært vellukka. Det har bevisst vore arbeidd med fagleg kvalitet og rekruttering.
Halde kontakt med ungdomsringane.	Det har vore kontakt med ungdomsringane ved behov.
Synleggjere barneaktiviteten i organisasjonen.	Det har vore skrive egne artiklar i Norsk Barneblad og Ungdom om aktiviteten
Synleggjere Barne- og ungdomsrådet, slik at alle medlemmer veit kva rådet er og kva funksjon det har.	Rådet har vore synlege på tilskippingar og på facebook.
Vere aktiv under Grunnlovsjubileet 2014.	Det har ikkje vore arbeidd med dette i 2013. Planar for grunnlovsjubileet ligg i planlegginga av sommarleiren for 2014

### Generell kommentar til oppfylling av arbeidsprogrammet for 2013-2014 – barne- og ungdomsrådet:

Barne- og ungdomsrådet gjennomførte ein Eventyrstafett i høve Språkåret 2013. Det var i alt 14 påmeldte grupper som blei delt inn i lag. Stafetten fungerte godt og engasjerte mange barn rundt om. Rådet er generelt sett greitt fornøgd med eige arbeid i 2013, spesielt med vidareutviklinga av sommarleir og samarbeid med dei andre fagråda.

## Folkedansarbeid

### Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Folkedansarbeidet i Noregs Ungdomslag skal vere prega av at lokale og nasjonale aktørar utforskar nye dansearenaer, både sosialt og scenisk. Vi skal vere spesielt nyfrikne på våre nye dansekulturar, og gjennom neste periode skal det trekkast nye liner for kva som kan kallast norsk folkedans.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2013-2014	Årsmelding 2013
Utvikle dansetilbod for familien.	Folkedansfeber rundt Oslofjorden vart gjennomført og avslutta med ei framsyning iscenesatt med profesjonelle rammer på Folkedansfestivalen. Laga som var med var BUL Sarpsborg, BUL Kongsberg og Jevnaker leikarring. Også opningsframsyninga på festivalen var eit møte mellom generasjonar og mellom profesjonelle og amatørar. Barneleikfesten på festivalen vart gjennomført med både konsert og dans for barn og vaksne. Ein har forsøkt synleggjera reiseinstruktørordninga opp mot barnelag. Denne ordninga vart til dømes knytt opp til Aust- Agder UL sitt prosjekt Familien dansar. I perioden var det tenkt at ein skulle setja ned ei arbeidsgruppa som ser på og utviklar konseptet "Vi kan", men dette vart ikkje prioritert.
Greie ut kva plass den profesjonelle folkedansaren og instruktøren skal ha i organisasjonen og samfunnet.	Synleggjering av NU som arbeidsgjevar har vorte gjort i form av å fastsetja minimumssatsar for sentrale arrangement og på gjesteinstruktørordninga. Ein ser likevel at honorarsatsane må evaluerast og reviderast kontinuerleg, og at ein bør laga fleire ulike nivå. På Folkedansfestivalen var Sigbjørn Rua festivaldansar med mange varierte arbeidsoppgåver.
Skape arena der dansaren kan utvikle seg sjølv - med særleg vekt på aldersgruppa 25-40.	NU har i samarbeid med Rådet for folkemusikk og folkedans og Studieforbundet kultur og tradisjon gjennomført Norsk folkeleg dans i 2012/2013. Ein har i perioden endra Framsyningskappleiken til å verta ei meir open scene. I perioden har ein gjennomført talentprosjektet Sans for dans, der aldersgruppa er 18-26. Ein har ikkje initiert kunstnarlege prosjekt for aldersgruppa 25-40 sidan Sans for dans vart gjennomført.
Ta vare på og styrke folkemusikkarbeidet i organisasjonen.	I perioden har det vorte gjennomført dansespelkurs (mellom anna turdansspelkurs) på sommarleiren og ein har jamstilt dansarar og musikarar i Sans for dans.
Framsnakke variasjonane i norsk folkedans.	Folkedansrådet har skrive kronikk om eit variert folkedansbilete i Ungdom.
Finne plass til nye folkelige danseformar.	På sommarleiren vart det arrangert tangokurs. Ein hadde planar om å kartlegga Noregs Ungdomslag sine dansekurs som finst på Studieforbundet sine nettsider, men sidan Studieforbundet har gjennomført ei endring av sine system så har ein avventa dette.
Debattere omgrepet folkedans.	Det vart gjennomført debatt på sommarleiren om omgrepet folkedans.
Skape forståing for norsk folkedans som immateriell kulturarv.	Ein har i perioden gjennomført to samarbeidsmøte om Dansearven, der immateriell kulturarv har vorte drøfta. Ein har informert om kulturarvporten på nettsida og i Ungdom.
Arbeide vidare med systematisk opplæring av instruktørar.	Drøftingar rundt instruktørmodellen og instruktør opplæringa har vore den gjennomgåande største drøftinga i 2013. Ein ser at instruktør opplæringa som ligg føre no ikkje fungerer optimalt og legg opp til ei endring av denne i 2014. Det er også ynskjeleg å utvikla ein ekstern instruktør database, der instruktørar kan synleggjera seg sjølve og der lokal- og regionslag kan finna instruktørar som passar deira målgruppe.
Vere aktiv under Grunnlovsjubileet 2014.	Prosjektet "Dans og demokrati" er planlagt som eit tiltak i 2014.



## Teaterarbeid

### Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Det sceniske uttrykket i amatørteatret skal spegle mangfaldet i samfunnet. Alle som vil skal kunne bidra i teaterarbeidet på sine premisser med sine ressursar. Nettverket mellom lokallaga skal styrkast slik at lokallaga kan dra nytte av den totale kompetansen organisasjonen forvaltar. Noregs Ungdomslag skal ha fokus på kvalitet i teaterarbeidet.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2013-2014	Årsmelding 2013
Styrke og bygge identiteten og omdømet til teateraktiviteten i organisasjonen.	Det har gjennom året vore arbeid med å vise teateraktivitet i NU, både eksternt men kanskje mest internt. Eit av dei viktigaste verktøya har vore å hatt godt teaterstoff i Ungdom både av praktisk og meir generell art. Eksternt vår målet å også vera ein del av samfunnsdebatten kring (amatør)teater, og målet var blant anna å få på trykk ein eller fleire kronikkar. Dette målet vart dessverre ikkje nådd, både på grunn av kapasitet og at det ikkje har vore veldig store saker i mediabilet. Vi har også prøva å få lokallag som driv med teater til å knytte arbeide sitt opp mot NU når dei viser det eksternt.
Styrke og vidareutvikle instruktørkompetansen i organisasjonen.	Gjennomføring av eit instruktørkurs (modul 2.) Reisinstruktørordninga har også vore nytta igjennom året. Etter vedtak frå styret har Teaterrådet også diskutert ei eventuell omorganisering av instruktør opplæringa i NU.
Auke den teaterretta kursverksemda i organisasjonen.	I tillegg til den eksisterande kursverksemda (instruktørkurs, reiseinstruktør og Sommarleiren) har teaterrådet også diskutert å kunne tilby t.d, kurs som er knytt til kurs for inspisientar og instruktørkurs blant anna retta mot ungdom. På grunn av evalueringa av dei sentrale tilskippingane fram mot landsmøte i 2014 har desse planane ikkje enda vorte akkumulert.
Synleggjere kor viktig det frivillige teaterarbeidet i Noregs Ungdomslag er.	Det frivillig arbeidet knytt til teaterarbeidet har vore viktig å fått fram. Teaterrådet har blant anna jobba med å få fram dette i teaterstoffet i Ungdom. Igjennom prosjektet "Alle Kan" som vart starta i 2013 ynskjer vi også å ha ein fokus på kor viktig teater (og anna kulturretta) arbeid er for fysisk og psykisk helse.
Vidareutvikle Norsk Amatørteaterfestival.	Teaterslaget – Norsk Amatørteaterfestival blir gjennomført i juni 2014. Teaterrådet har i løpet av 2013 satt ned ei lokal arbeidsgruppe som arbeider med festivalen. I 2014 ynskjer vi å ha eit revyfokus på festivalen som del av ei vidareutvikling.
Vurdere å arrangere Amatørteaterfestivalen lokalt dei åra den ikkje er på Det Norske Teatret.	Teaterrådet har vurdert dette, men konkludert med at ein ikkje ønskjer dette. Oppstart av prosjektet "Alle kan" der teateraktivitet som del av mangfold og integrering av alle i eit lokalsamfunn står sentralt.
Gjennomføre tiltak der inkludering og auka mangfald står sentralt.	Oppstart av prosjektet "Alle kan" der teateraktivitet som del av mangfold og integrering av alle i eit lokalsamfunn står sentralt.
Etablere Den Mangfaldige Scenen som fast struktur, i samarbeid med BUL Oslo og Det Norske Teatret.	Den Mangfaldige Scenen som aksjeselskap frå 4.9. 2013, og NU følger dette opp i sær ved at generalsekretæren er styreleiar.
Arbeide for utviklinga av ny norsk dramatik og nye sceniske uttrykk.	Ein av planane for Amatørteaterfestivalen i 2014 er å få skrive ein revy som skal framførast på festivalen. Håper er også å kunne tilby kurs igjennom dei sentrale tilskippingane som kan stimulere til mindre tradisjonelle uttrykk, både innan teater og det tverrkulturelle.
Stimulera lokallaga til auka bruk av tilskot til opplæring i teaterarbeidet.	Arbeidet har i utgangspunktet gått ut på å klargjera dei ulike støtteordningane og korleis dei kan brukast i alle ledd av teaterverksemd og aktivt formidle dette.

Fleire lag skal ta i bruk tilbodet om reiseinstruktør i teaterarbeidet.	Det har vore drive aktiv blest kring reiseinstruktørordninga, blant anna å understreke kva laga faktisk får for pengane og formidle opplevinga frå lag som har nytta dette tilbodet.
Betre sørvisen og kontakten med teaterlaga i organisasjonen.	Arbeidet med dette har i utgangspunktet vore å fortsetje arbeidet i interne kanalar som Ungdom, facebook og Teaterliv.
Vere aktiv under Grunnlovsjubileet 2014.	Demokrati vil vera eit viktig tema både for Teaterslaget – Norsk Amatørteaterfestival og under sommarleiren. Eit mål er å visa den demokratiske dimensjonen til teaterarbeidet i rørsla og rørsla generelt.

## Bunadsarbeid

### Mål, fastsett i langtidsprogrammet for 2011-2014:

Bunadsmiljøet i Noregs Ungdomslag skal vere spennande, mangfaldig og inkluderande. Vi skal halde fram arbeidet med bunadsopplæringa og gje grunnkunnskap til nye og gamle tradisjonsberarar.

Tiltak i arbeidsprogrammet 2013-2014	Årsmelding 2013
Halde fokus på bunadsbruk på relevante arenaer og møteplassar i laget.	Bunadsrådet har fokus på dette.
Vere til stades i fora der det er fokus på handverk og bunad.	23. og 24. august vart det arrangert nasjonale fagdagar for bunad på Valdres folkemuseum. Fagdagan vart arrangert for første gong i 2013, og er eit samarbeid mellom Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges husflidsplag, Norsk folkedraktforum og Noregs Ungdomslag. Tema var ”ferdselsveggar og materielltilgang.”
Utvikle eit internettbasert nettverk for alle bunadsinteresserte i ungdomslaga.	Ikkje gjennomført.
Rekruttere nye medlemmer blant deltakarane i bunadsopplæringa.	Ikkje gjennomført.
Starte opp nye bunadnemnder rundt i landet.	Ikkje gjennomført.
Gjennomføre tematurar innanfor bunad og handverk.	Det vart gjennomført tur til Numedal og Hallingdal med besøk på museum og hos bunadstilverkarar.
Vidareføre Bunadopplæringa, i samarbeid med Norges husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon.	Samarbeidet har halde fram.
Auke kontakten med lokale og regionale bunadnemnder.	Det vart i 2013 arbeidd med auka kontakt med bunadnemndene gjennom studieturen til Numedal og Hallingdal.
Skape ordskifte om bunad på dei ulike møteplassane i ungdomslaga.	Ikkje gjennomført.
Noregs Ungdomslag skal vere aktiv og engasjert i bunadspolitiske spørsmål eksternt.	NU er i stadig dialog med nærskylde organisasjonar som Norges husflidslag, Norsk folkedraktforum og Norsk institutt for bunad og folkedrakt om ulike bunadspolitiske spørsmål.
Vere aktiv under Grunnlovsjubileet 2014.	Det er planar om ei bunadsutstilling med kurs og foredrag i 2014.



## 2 Sentrale tilskipingar

### Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år.

Temaet for tevlinga i 2013 var språk, som ei markering av Språkåret 2013.

Studiemateriellet hadde mellom anna artiklar om dialektar, språkendingar, låneord og Ivar Aasen. Studieheftet hadde fleire bidragsytarar og vart produsert av administrasjonen.

I 2013 tok administrasjonen seg av all administrasjon av tevlinga. Det kom mykje kritikk frå deltakarlagane både på måten tevlinga var organisert og gjennomført. Kritikken gjekk både på at tevlingsspørsmåla var vanskelege eller feilaktige, og på oppfølginga av tevlinga frå Noregs Ungdomslag si side. Dette er noko styret og administrasjonen i NU tek svært alvorleg, og som er svært beklageleg. ”Kven Veit?” er ein av aktivitetane med lengst historie i NU og i 2013 var det 50 år sidan den fyrste tevlinga vart skipa. Det er derfor gjort fleire grep med tanke på at tevlinga i 2014 skal bli så god som mogleg.

Det deltok 67 lag og 360 deltakarar i seniorklassa. I juniorklassa deltok 28 grupper med 188 deltakarar. Samla tal deltakarar var omlag 548. I tillegg stiller laga med dommarar, tevlingsleiar og publikum. Vinnar i seniorklassen var Bergen Ungdomslag Ervingen og vinnar av juniorklassen var Bygstad UL.

### Fagseminara

Fagseminara var planlagt arrangert 9.-10.november 2013, på Riksscenen i Oslo. Sjølv om dei vart blesta i ungdom frå vårparten av, på facebook, nettsidene, i nyhende-brev til laga, epost til andre aktuelle deltakarar, nettsider til våre samarbeidspartar og med utdeling av flyers på aktuelle stader, måtte fagseminara avlysast grunna svært låg påmelding. Det var i samarbeid med Riksscenen planlagt ein konsert og dansefest med Geitungen i samband med fagseminara.. Denne vart gjennomført og hadde bra besøk.

### Instruktøropplæringa

#### Modul 1,

Modul 1 skulle etter planen arrangerast i Stavanger på vårparten, men vart avlyst grunna for låg påmelding.

#### Modul 2,

Det vart gjennomført modul 2-kurs i både teater og dans, 18.-20. oktober 2013, på Ringholmen utanfor Kristiansund. Modulkursa var samlokaliert med landsrådsmøtet.

Det deltok 8 deltakarar frå 3 lag på teaterkurset og 11 deltakarar frå 5 lag på folkedanskurset. Instruktør på teaterkurset var Morten Rudå, medan Anna Gjendem og Torill Steinjord var instruktørar på folkedanskurset, med Torill Aasegg som spelekvinne,

Deltakarane gav gode tilbakemeldingar på begge kursa, spesielt teaterkurset.

### Norsk amatørteaterfestival

Norsk amatørteaterfestival blir i utgangspunktet arrangert kvart andre år, i samarbeid med Det Norske Teatret. Sist gong festivalen vart gjennomført var i 2011, og etter planen skulle neste festival gjennomførast i 2013. Sidan Det Norske Teatret markerte sitt 100-årsjubileum i 2013, vart neste festival utsett til 2014 grunna manglande kapasitet ved teatret.



## Sommarleiren

Sommarleiren er ein møtestad for ungdomar mellom 14 og 26 år. Sommarleiren 2013 vart gjennomført 3-8. august, på Skrim Ungdomsskule utanfor Kongsberg. Leiren blei som vanleg halde i framkant av Folkedansfestivalen.

Leiren inneheld 29 ulike tretimarskurs i teater, dans, spel, song, handarbeid, organisasjonsarbeid og ymse anna. Det var Sindre Vaskinn Hunn frå Barne og ungdomsrådet som var leirsjef, med god hjelp frå Rita Strandbakke og resten av Barne- og ungdomsrådet. Fem ungdomar frå ulike stader i landet deltok i leinga av leiren som såkalla "poteter" Desse hadde eit ekstra ansvar for det sosiale og hjelpte elles til med praktisk gjennomføring. Det var administrasjonen i Noregs Ungdomslag i samarbeid med BUL Kongsberg som var tekniske arrangørar av tilstellinga.

Det var i alt 74 betalande deltakarar på kursa, fordelt på 20 lokallag. Inkludert i desse 74 deltakarane, var det 8 personar frå Færøyane.

Sidan 2013 var nasjonalt språkår, var det fokus på språk under leiren. Deltakarane kunne velje mellom 29 ulike kurs i ulike formar innanfor folkedans, teater, tradisjonelle handarbeidsteknikkar og organisasjon. På ettermiddag var det ulike aktivitetar, slik som "bursdagsfeiring" av Ivar Aasen (200 år), nynorskpoliti, diverse andre språkleikar, dansing, leirkino, songleikar og anna aktivitet. Onsdag var den offisielle avslutningsfesten, med god middag, tale frå styreleiaren og diverse underhaldning. Siste dagen var turdag samt avslutning med utdeling av kursbevis og evaluering av leiren. Dette var same dag som starten av folkedansfestivalen.

Styret fastsette budsjetttrammer, tid og stad for leiren, medan råda i samarbeid fastsette kva kurs som skulle vere på leiren. BUR hadde siste ordet med omsyn til kurs, og var også dei som var ansvarlege for å utvikle og gjennomføre fritidsaktivitetane på leiren, samt turdagen. Lokal tilskipar var ansvarleg for å skaffe stad for overnatting og kurslokaler, kokk/matservering, nattevaktar til sovesalane og kjøkkenhjelp til matservering, samt rydding og vasking av matsal/kjøkken.

På evalueringsskjemaet svarte alle deltakarane at dei ville reise tilbake neste år om dei kunne, og at dei ville anbefale leiren til andre.

## Folkedansfestivalen

Folkedansfestivalen vart i 2013 arrangert på Kongsberg 8.-10. august, i samarbeid med den lokale arrangøren BUL Kongsberg. I rapporten frå festivalen skriv BUL Kongsberg:

*"Ein folkedansfestival skal vera gode opplevingar i og med folkedans, for dei som kjem på festivalen. Gjennom konsertar, eigen dans, kurs, turar og samvær oppnådde vi dette. Vi har fått veldig mange gode tilbakemeldingar på festivalen. Vi klarte å skape små og store opplevingar for mange. Dei mange små, gode opplevingane er like viktige som hødepunkta. Å vera arrangør for ein Folkedansfestival er eit stort løft for eit lite lokallag som BUL Kongsberg. Laget har god arrangementskompetanse og vi er ein samansveisa gjeng som kjenner kvarandre godt og som stiller opp for kvarandre. Det gjorde at gjennomføringa gjekk bra og vi har fått positiv energi i laget, sjølv om det i forkant av festivalen var mange utfordringar og usikkerheit om vi ville lukkast."* (omsett til nynorsk).

På festivalen vart det seld 135 festivalpass, i tillegg til 376 enkeltbilletter på dei ulike arrangementa. Det var 28 ulike arrangement på festivalen, inkludert alt av konsertar, dansefestar, kurs og framsyningar. På festivalen fekk ein oppleve tingsingsverket "Drønn fra fjellet", og framsyninga til Noregs Ungdomslag sitt eige prosjekt Folkedansfeber. Ein hadde også mange ulike kurs og konsertar, både for barn og vaksne. Det vart ikkje gjennomført noko framsyningskappleik på festivalen grunna få påmelde lag.

Å gjennomføra festival, med all den profesjonalitet det medfører, er ressurskrevjande for kontoret. I 2013 vart festivalen halde i august og dette var også utfordrande med omsyn til ferieavviklinga, både lokalt og for dei tilsette på kontoret. Festivalen gjekk med overskot, som blei delt likt mellom NU og lokal tilskipar

Noregs Ungdomslag rettar ein stor takk til BUL Kongsberg for vel gjennomført festival!

## 3 Informasjonsarbeid og interessepolitikk

### Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar i 2013 har vore medlemsbladet Ungdom, heimesidene til NU, Sommarleiren og Folkedansfestivalen, digitale lagssendingar med NU-kontakt og brosjyrar om sentrale tilskipingar.

Noregs Ungdomslag har nytta seg av fleire ulike sosiale media. På Facebook blir saker frå [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no) lagt ut, i tillegg til andre oppdateringar, bilete frå arrangement og informasjon til tilhengarane. Fleire av råda og tilskipingane i NU har eigne Facebooksider der ein kan føre dialog med medlemmar og komme med meir spissa informasjon. Arbeidet med å formidle dokumentasjon av aktiviteten vår gjennom å leggje ut bilete på Flickr.com har halde fram i 2013. NU nyttar seg òg av mikroblogger på Twitter. Videoar som vert produsert vert lagt ut eigen kanal på [www.vimeo.com](http://www.vimeo.com)

Ungdom har hatt eit opplag på opptil 6.700 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2013. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemmer laga har registrert i medlemsregisteret. Det er arbeidd vidare med å utvikle bladet, særleg med utvalet av saker. Fleire medlemmer, lokallag og tillitsvalde har levert bidrag til medlemsbladet. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på [www.issuu.com/noregsungdomslag](http://www.issuu.com/noregsungdomslag)

Vi har halde fram samarbeid med Norsk Barneblad (NB), der alle barnemedlemmer i NU får Norsk Barneblad i staden for Ungdom. I bladet er 4 sider sett av til våre nyheiter og saker. Barne og Ungdomsrådet har levert tekstar og forslag til innhald. Samarbeidet med NB og redaktør Nana Rise-Lynum har også i 2013 vore godt. Opplagstalet varierer med kor mange barnemedlemmer som til ei kvar tid er innmeldt, men ligg rundt 2000.

### Medieoppslag

Lokallaga har hatt godt med oppslag i lokalavisene i året som gjekk. Fleire kulturprisar, både frå kommune og fylkeskommune, har vorte utdelt til sentrale personar i ungdomslaga.

Lågendalsposten hadde brei dekning av sommarleiren og folkedansfestivalen, og NRK- Buskerud var og tilstade under tilskipingane.

### Interessepolitikk

Noregs Ungdomslag sine løyvinga over statsbudsjettet har vore ei viktig interessepolitisk sak dei siste åra. Tilskotet vart indeksregulert i 2013, men er ikkje lengre øyremerka folkedansarbeidet i organisasjonen. Føremålet med tilskotet er no å støtte Noregs Ungdomslag sitt arbeid med å skape engasjement og levande lokalmiljø. Dette gjer at NU kan inkludere andre delar av verksemda i søknaden om statstilskot frå og med 2013.

I perioden har ein særleg vore oppteken av saka om momskompensasjon til frivillige organisasjonar, der ei konkret utfordring for NU er at laga må gjere frådrag for momskostnader på om/påbygging av ungdomshusa. NU har m.a. møtt i kulturkomiteen på Stortinget for å snakke om denne saka.

NU samarbeider tett med andre organisasjonar på feltet om interessepolitikk og drar i lag med andre organisasjonar der vi kan .

Noregs Ungdomslag har vore representert på møte i både Frivillighet Norge, Vaksenopplæringsforbundet og andre organisasjonar som arbeider for viktige interessepolitiske saker for ungdomslaga . Vi har og konstruktivt samarbeid med andre einskildorganisasjonar på utvalde felt.

## 4 Medlemer, lokallag og fylkeslag

Dokumentasjon av aktivitet og medlemstal i lokallaga er eit særskilt viktig arbeid. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralleddet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet gjennom Norsk teaterråd.

Tal medlemslag og medlemer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar. Laga sine årsrapportar dannar grunnlag for denne statistikken.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

### Fylkeslaga

Ved utgangen av 2013 var 21 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag.

#### Minimumsoppgåver

Årsmøtet i 2009 vedtok eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket frå landsmøtet, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.

### Lokallaga

Ved utgangen av 2013 var det 364 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 63 lag med status inaktiv.

Surnadal Folkedanslag gjorde 2. gongs vedtak om utmelding av NU i 2013.

Halsa Ungdomslag, Toppen Ungdomslag og Lyefjell Ungdomslag er lagt ned i løpet av 2013.

### Medlemene

Det er totalt 13.184 personer som er registrert som medlemer i Noregs Ungdomslag i 2013, pr 3.3.2014.

→ Dette er ein nedgang på 366 medlemer frå 2012.

Av det totale medlemstalet var 4.916 medlemer under 26 år.

→ Dette er ein nedgang på 227 medlemer frå 2012.

*Medlemstalsutvikling dei siste fem åra:*

	2009	2010	* 2011	2012	2013
Under 26 år	6.269	6.246	5.215	5.143	4.916
Over 26 år	10.687	10.516	8.928	8.407	8.268
<b>Sum</b>	<b>16.956</b>	<b>16.762</b>	<b>14.143</b>	<b>13.550</b>	<b>13.184</b>

\* Innføring av nytt medlemsregister i 2011, medførte m.a. ein ny måte å registrere medlemer på. I det gamle systemet vart personar ståande som medlemer til dei vart sletta. I det nye systemet må derimot medlemmene fornyast aktivt kvart år. Dette gjorde at det vart ein nedgang i talet registrerte medlemer frå 2010 til 2011, sjølv om det faktiske medlemstalet sannsynlegvis ikkje gjekk ned noko vesentleg.



Tal lag og medlemmer per 31.12.2013 fordelt på fylkeslaga (opplysninger henta frå Hypersys 4.3.2014):

Fylkeslag	Tal lokallag 2013		Tal medlemmer 2013			Medlemstalutvikling				Fylkeslag
	Inaktive	Aktive	0-25 år	26-98 år	Totalt	Totalt 2012	Totalt 2011	Endr 2012-13	Endring 2011-13	
Aust-Agder Ungdomslag	2	13	226	424	650	642	636	8	14	Aust-Agder Ungdomslag
Bygdelagssamskipnaden	0	19	522	844	1.366	1.279	1.345	87	21	Bygdelagssamskipnaden
Eidsiva Fylkeslag	0	3	35	118	153	177	164	-24	-11	Eidsiva Fylkeslag
Finnmark Ungdomslag	0	2	0	29	29	47	48	-18	-19	Finnmark Ungdomslag
Fylkeslaget Varden	0	6	4	74	78	93	112	-15	-34	Fylkeslaget Varden
Hordaland Ungdomslag	16	50	590	1.167	1.757	1.906	2.070	-149	-313	Hordaland Ungdomslag
Hålogaland Ungdomslag	0	10	98	174	272	364	363	-92	-91	Hålogaland Ungdomslag
Inn-Trøndelag Ungdomssamlag	5	22	295	415	710	641	649	69	61	Inn-Trøndelag Ungdomssamlag
Naumdøla Ungdomslag	3	11	166	136	302	285	227	17	75	Naumdøla Ungdomslag
Nordland Ungdomsfylking	2	12	78	335	413	444	422	-31	-9	Nordland Ungdomsfylking
Nordmøre Ungdomslag	1	15	225	440	665	629	654	36	11	Nordmøre Ungdomslag
Oppland Ungdomslag	2	12	68	142	210	199	214	11	-4	Oppland Ungdomslag
Rogaland Ungdomslag	1	14	233	451	684	780	734	-96	-50	Rogaland Ungdomslag
Romsdal Ungdomssamlag	1	12	128	193	321	378	453	-57	-132	Romsdal Ungdomssamlag
Sogn og Fjordane Ungdomslag	10	41	537	683	1.220	1.229	1.263	-9	-43	Sogn og Fjordane Ungdomslag
Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag	2	31	486	481	967	1.048	1.201	-81	-234	Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag
Sør-Trøndelag Ungdomslag	1	11	187	204	391	409	467	-18	-76	Sør-Trøndelag Ungdomslag
Telemark Ungdomslag	5	11	155	260	415	420	446	-5	-31	Telemark Ungdomslag
Troms Ungdomsfylking	2	18	360	511	871	851	844	20	27	Troms Ungdomsfylking
Valdres Ungdomslag	3	6	76	72	148	178	171	-30	-23	Valdres Ungdomslag
Vest-Agder Ungdomslag	1	21	292	605	897	835	844	62	53	Vest-Agder Ungdomslag
Østerdal Ungdomslag	2	4	18	97	115	115	136	0	-21	Østerdal Ungdomslag
Direkteinnmeldte lag	4	20	132	402	534	589	660	-55	-126	Direkteinnmeldte lag
Direkteinnmeldte medlemmer	-	-	5	11	16	12	20	4	-4	Direkteinnmeldte medlemmer
Totalt	63	364	4.916	8.268	13.184	13.550	14.143	-366	-959	Totalt

## 5 Ungdomshus og lagsbruk

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna og for organisasjonen.

### Ungdomshusa

Hausten 2013 vedtok styret å opprette ei eiga prosjektstilling tilsvarande 6 månadsverk for å arbeide med ungdomshusa i NU. Jon Låte vart tilsett i stillinga, og han har starta arbeidet med å kartlegge alle husa, med mål om å presentere desse i ei nasjonal husdatabase. Saman med dei tekniske detaljane om husa, ønskjer ein også å synleggjere husa ved hjelp av bilete som er innsamla av tidlegare Norske lagsbruk/kulturbygg. Som ein del av kartlegginga, ønskjer styret også å få tilbakemeldingar frå huseigarlaga på kva framtidige tenester ein ønskjer å få frå NU. Målet ti styret er at ein på sikt får finansiering til å opprette ei fast hussstilling.

### Lagsbruk

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Dette prosjektet var støtta av Norsk kulturråd med eit tilskot på kr 150.000. Nils Seland har vore tilsett i eit engasjement for å gjennomføre prosjektet, som vart avslutta ved nyttår. Ei eiga referansegruppe har følgd arbeidet, og resultatet frå prosjektet er samla under nettsida [www.lagsbruk.no](http://www.lagsbruk.no). Det er sendt søknad til Norsk kulturråd om vidareføring av prosjektet i 2014.

### Lagsfaner

Arbeidet med å dokumenter faner og banner brukt i ungdomslagsrørsla har halde fram i 2012, med sikte på å gje ut ei eiga fanebok i 2014. Asbjørn Thomassen har vore prosjektleiar sidan starten. Asbjørn døydde dessverre av sjukdom før manuset var slutført. Liv Marit Idsø har vore leigd inn som redaktør for å slutføre prosjektet, og ho hadde samtalar med Asbjørn om dette før han døydde. Vel 500 objekt er registrert, og ein håper å få fotografert dei fleste av desse før boka blir gitt ut. Det er inngått avtale med Marit Heggenhougen om å formgje boka grafisk, og styret ønskjer å gje ut boka sommaren 2014.

## 6 Opplæringsarbeidet

### Studieforbundet kultur og tradisjon

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Noregs Ungdomslag er ein av dei største kursarrangørane i studieforbundet, men det må framleis mykje informasjonsarbeid og rettleiing til overfor laga, for at all opplæringsaktivitet som kan få tilskot, blir registrert.

Det blei gjennomført 612 kurs med 19.375 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2013, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr. 1.503.894. I tillegg fekk fire lag tildelt tilsaman kr. 28.360 i tilretteleggingstilskot. Dette er ein nedgong på 249 timar og 2 kurs frå 2013. Det samla tilskotet er redusert med kr 46.694 i høve til 2012.

### Bunadsopplæringa

Bunadsopplæringa som er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag, starta hausten 2007. I 2013 sat Ellen Runderheim i styringsgruppa for opplæringa for NU.

### Norsk folkeleg dans

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans er eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon, Rff-sentret og NU. NU administrerte vidareutdanningskurset i 2013, og har hatt ansvar for praktisk gjennomføring av studiesamlingar, informasjon, kontakt med samarbeidspartane, samt marknadsføring og oppfølging av studentar og lærarar. I 2012 vart det avgjort at kurset skulle halvere studiepoenga til 7,5. Dette medførte at studiesamlingar i skuleåret 2012/2013 vart halvert og at samlingane vart lagt til vårsemesteret 2013.

### Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet

*Oversyn over gjennomførte kurs i Noregs Ungdomslag i 2013:*

<i>Fylkeslag</i>	<i>Kurs</i>	<i>Deltakarar</i>	<i>Kurstimar</i>	<i>Tilskot</i>
Aust-Agder Ungdomslag	32	363	978	75.525
Bygdelagssamskipnaden	36	345	840	69.640
Eidsiva Fylkeslag	18	152	480	33.572
Finnmark Ungdomslag	7	45	254	21.590
Fylkeslaget Varden	8	108	135	11.305
Hordaland Ungdomslag	92	842	2.856	230.845
Hålogaland Ungdomslag	8	94	205	11.995
Inntrøndelag Ungdomssamlag	29	171	1.547	109.612
Naumdøla Ungdomslag	6	40	184	8.300
Nordland Ungdomsfylking	33	309	966	72.660
Nordmøre Ungdomslag	27	192	991	84.192
Oppland Ungdomslag	10	108	393	20.293
Rogaland Ungdomslag	43	318	1.658	118.885
Romsdal Ungdomssamlag	10	84	389	29.645
Sogn og Fjordane Ungdomslag	64	532	1.718	137.435
Sunnmøre Frilynte Ungdomssamlag	21	190	926	73.900
Sør-Trøndelag Ungdomslag	20	116	1.214	97.790
Telemark Ungdomslag	20	257	619	51.747
Troms Ungdomsfylking	60	379	1.317	106.830
Valdres Ungdomslag	3	20	143	6.640
Vest-Agder Ungdomslag	16	180	418	34.968
Østerdal Ungdomslag	2	29	97	8.245
Laga i Buskerud	5	70	207	17.205
Laga i Vestfold	29	360	613	51.780
Noregs Ungdomslag sentralt	13	142	227	19.295
<b>SUM</b>	<b>612</b>	<b>5.446</b>	<b>19.375</b>	<b>1.503.894</b>
<i>Sum 2012</i>	<i>614</i>	<i>5.870</i>	<i>19.624</i>	<i>1.550.588</i>

## 7 Tilskot og økonomi

Noregs Ungdomslag har ein samansett økonomi, finansiert medlemskontingent, og ulike deltakaravgifter, i tillegg til offentlege drifts- og prosjekt. NU forvaltar Frifondmidlar som laga kan søkje på, og søkjer også om momskompensasjonsmidlar på vegne av lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen er godkjend som mottakar av skattefrie gåver.

### Driftstilskot

#### Generelt driftstilskot

Noregs Ungdomslag mottok eit generelt statstilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett. Dette var tidlegare øyremerkt til folkedansarbeidet, men er frå 2013 eit generelt driftstilskot. I 2013 mottok NU kr 987.000. Dette er ein auke på kr 31.000 i høve til året, tilsvarande indeksregulering.

#### Barne- og ungdomsarbeid

Noregs Ungdomslag mottok i 2013 kr. 1.173.628 i tilskot frå Barne- og likestillingsdepartementet til barne- og ungdomsarbeidet. Dette er ein reduksjon på kr 2.579 i høve til 2012. Tilskotet er utrekna etter tal medlemmer under 26 år og tal lokallag med minst 5 medlemmer under 26 år.

#### Teaterarbeid

Noregs Ungdomslag får statsstønad til teaterarbeidet gjennom paraplyen Norsk teaterråd. I 2013 fekk NU tildelt kr 657.000, ei auke på kr 18.375 i høve til 2012. Statsstønaden vert tildelt m.a. på bakgrunn av den lokale aktiviteten. Arbeidet med å hente inn informasjon frå laga våre er viktig for å sikre nivået på stønaden.

#### Kompetansehevingstilskot

NU fekk i 2013 tildelt kr 161.000 frå Studieforbundet kultur og tradisjon til kompetanseheving. Tilskotet er utrekna etter totalt studietimetall i organisasjonen, og er ein nedgang på kr 19.000 i høve til 2012.

### Prosjektstilskot

Mykje av arbeidet er finansiert heilt eller delvis av prosjektmidlar. Kvart år sender vi mange søknader til ulike instansar for å finansiere aktivitet innanfor ulike fagområde.

*Oversyn over prosjektmidlar til Noregs Ungdomslag, 2013:*

<i>Frå</i>	<i>Føremål</i>	<i>Tilskot</i>
Buskerud fylkeskommune	Folkedansfestivalen	100.000
Buskerud fylkeskommune	Integreringstilskot, folkedansfestivalen	20.000
Flesberg kommune	Folkedansfestivalen	2.000
Hordaland fylkeskommune	Huset i Bygda Hordaland	600.000
Kongsberg kommune	Folkedansfestivalen	25.000
Kongsbergakevittens gavefond	Folkedansfestivalen	15.000
LNU	Sans for dans	20.000
LNU	Færøysamarbeid, Sommarleiren	60.000
Longvafondet	Fanebok	15.000
Norsk kulturråd	Folkedansfestivalen	100.000
Norsk kulturråd	Sans for dans	100.000
Norsk teaterråd	Teater til alle (oppstart 2014)	200.000
Norsk teaterråd	Sommarleiren	40.000
Rff	Kurs for barn under folkedansfestivalen	6.000
Rff	Kurs i Numedalsspringar under folkedansfestivalen	5.000
Rff	Folkedansfeber	20.000
Rff	Sans for dans	20.000
Rff	Folkedanskurs under folkedansfestivalen	10.000
Rollag kommune	Folkedansfestivalen	2.000
Språkåret	Sommarleiren	10.000
<b>Sum</b>		<b>1.370.000</b>



## Tilskot til laga utbetalt av sentralleddet

### Momskompensasjon

Noregs Ungdomslag får som ein av mange frivillige organisasjonar tilskot som kompensasjon for moms på tenester som blei innført i 2001. Etter at regelverket for momskompensasjon blei endra i 2010, søker NU om kompensasjon etter såkalla forenkla modell. Noregs Ungdomslag søker på vegne av alle tilknytta lokal- og fylkeslag, og får eit samla tilsagn som skal fordelast vidare mellom dei laga som har sendt inn søknad .

NU fekk tildelt i alt Kr 2.823.282 i momskompensasjon for grunnlagsåret 2012. Dette var ei auka på Kr 735.996 frå året før. Kr 2.254.654 av dette blei fordelt til lokal- og fylkeslag som hadde sendt inn krav. Dette var ei auke på Kr 486.522 frå året før. Det resterande beløpet gjekk til å dekke sentralleddet sine momsutgifter, inkludert 1% av det samla tilsagnet, som gjekk til administrasjon av ordninga

### Frifond

Frifond er ei støtteordning, i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, som skal betre dei økonomiske rammetilhøva for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokale og frivillige organisasjonar. Støtta går til kulturaktivitet for barn og unge under 26 år.

Organisasjonane får frifondmidlar basert på tal lag med minst 5 medlemmer under 26 år og tal medlemmer under 26 år i desse laga. Noregs Ungdomslag fekk i 2013 tildelt kr. 1.928.690 i Frifondmidlar. Dette var ei auke på kr. 179 993 frå året før. Av desse midlane har sentralleddet nytta 5 % til administrasjon av ordninga. I tillegg stod det att ein rest på kr 19.543 frå 2012, til utdeling.

Tilskotet har blitt tildelt med eit fast grunntilskot på kr 4.000 og eit variabelt tilskot utrekna etter tal medlemmer under 26 år. Laga kunne i tillegg søkje om eigne prosjektilskot til teateraktivitet for barn og unge. Lag som hadde færre enn 5 medlemmer under 26 år hadde høve til å søkje om oppstartstøtte på kr 4.000.

I 2013 var det 148 lag som søkte og fekk tildelt ordinært frifondtilskot, og 6 lag som søkte og fekk tildelt oppstartstilskot. Til samanlikning var det tilsaman 163 lag som fekk frifondtilskot i 2012.

Laga må dokumentere at dei har medlemmer under 26 år og dei må ha sendt inn årsrapport for føregående år for å få tildelt Frifondmidlar.

### Oversyn over fordelte Frifondmidlar 2013

Sum pr fylke, og tal lag i fylket som har motteke tilskot

Fylke	Tilskot	Tal lag
Finnmark	0	0
Troms	90.478	7
Nordland	88.628	8
Nord-Trøndelag	171.955	13
Sør-Trøndelag	95.923	7
Møre og Romsdal	335.352	30
Sogn og Fjordane	208.380	22
Hordaland	309.275	27
Rogaland	94.519	7
Vest-Agder	96.393	9
Aust-Agder	80.202	6
Telemark	59.801	5
Vestfold	0	0
Buskerud	47.378	4
Oppland	41.782	4
Hedmark	7.276	1
Oslo	107.684	2
Akershus	4.000	1
Østfold	12.658	1
<b>Sum</b>	<b>1.851.684</b>	<b>154</b>



## 8 Styringsstrukturen

### Landsmøtet

Landsmøtet blei halde i Teatersalen til BUL Oslo, 19.-21. april. Dette var første året landsmøtet gjekk over tre dagar, med oppstart fredags kveld. Det deltok 90 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fire frå administrasjonen. Ein hadde helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, KNIF innkjøp, Språkåret 2013, FolkOrg og Av-og-til.

Det vart gjennomført ein politikardebatt i samband med Stortingsvalet, der Carl Morten Amundsen (SV), Daniel Heggelid-Rugaas (V) og Elisabeth Løland (Krf) deltok. Politikarane var invitert for å snakke om kultur- og frivillighetspolitikk i høve stortingsvalet i 2013

Landsmøtefesten blei halde i BLS sine lokale i Nordal Brunsgate 22. Alfred Fidjestøl som var forfattar av Det Norske Teatret si 100-årssoge heldt eit historisk foredrag under middagen.

#### Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- Huslag som ny medlemskategori, der det vart opna for at huslag utan tradisjonell medlemsaktivitet kan bli medlemslag i NU.
- Noregs Ungdomslag i 2018, som var ei oppstart av drøftingane kring ny langtidsplan
- Lovendringar, for å legge til rette for husmedlemsskap.

#### Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

- 1 million på rett kurs
- Levande språk gjennom aktivitet
- Hulda Garborg på 50-lappen
- Tal Vest-Sahara si sak i SN
- Kva kulturhus vil me ha?
- Nei til konsekvensutgreiing av oljeboring i Loften, Vesterålen og Senja
- Det Norske Teatret 100 år – likestill teatra i hovudstaden

### Utsendingar fylkesvis

<i>Fylkeslag</i>	<i>Tal</i>
Aust-Agder Ungdomslag	4
Bygdelagssamskipnaden	8
Eidsiva Fylkeslag	5
Finnmark Ungdomslag	0
Fylkeslaget Varden	4
Hordaland Ungdomslag	5
Hålogaland Ungdomslag	0
Inntrøndelag Ungdomssamlag	2
Naumdøla Ungdomslag	0
Nordland Ungdomsfylking	9
Nordmøre Ungdomslag	3
Oppland Ungdomslag	1
Rogaland Ungdomslag	8
Romsdal Ungdomssamlag	0
Sogn og Fjordane Ungdomslag	4
Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	1
Sør-Trøndelag Ungdomslag	4
Telemark Ungdomslag	6
Troms Ungdomsfylking	6
Valdres Ungdomslag	1
Vest-Agder Ungdomslag	7
Østerdal Ungdomslag	0
Direkteinnmeldte lag	3
Styret	9
<b>Til saman</b>	<b>90</b>



## Landsrådsmøte

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2013 blei landsrådsmøtet halde på Rimgholmen utanfor Kristiansund, 18.-20. oktober. Nordmøre Ungdomslag var vertar.

Det deltok 18 personar frå 13 fylkeslag i tillegg til 8 frå styret og 1 frå administrasjonen. I tillegg deltok valnemnda på delar av møtet.

Saker på saklista var:

- Nytt og godt frå fylkeslaga
- Nytt frå Noregs Ungdomslag
- Statsbudsjettet og ny regjering
- Kampanjen ”1 million på rett kurs”
- Ny langtidsplan for Noregs Ungdomslag
- Strategi for besøk av lokallaga
- Utgjeving av fanebok
- Ungdomshussatsing
- Organisering av fylkesledda

## Heidersmedlemer

Styret utnemnde 21. september 2013 **Asbjørn Thomassen** til heidersmedlem i Noregs Ungdomslag. Heidersutnemninga var knytt til Asbjørn sin mangeårige innsats med å dokumentere fanene og bannera som har vore tilknytt den frilynde ungdomslagsrørsla.

